



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset Fitjar kommune
Dato:	21.10.2020
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2020	2019/143	
PS 25/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Fitjar kommune	2019/127	
PS 26/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Fitjar kommune	2019/128	
PS 27/20	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020	2019/135	
PS 28/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 29/20	Eventuelt	2020/64	
	Referatsaker		
RS 9/20	Særutskrift - melding om vedtak frå KS - Ekstern revisor og ny konkurranse	2014/34	
RS 10/20	FKT - medlemsinformasjon september 2020	2020/70	
PS 30/20	Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransgrunnlag	2014/34	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og saksliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/143-8
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	8/20	21.10.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2020 er lagt med som vedlegg i saka



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset Fitjar kommune
Dato:	14.09.2020
Tid:	1100 - 14:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoll	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann (PS 14/20, PS 15/20, PS 16/20 og PS 17/20)
Randi Karin Habbestad	Teknisk sjef (PS 16/20 og PS 17/20)
Svein Dale Solheim	Assisterande rådmann (PS 18/20)
Stian Torland	IKT-leiar (PS 18/20)
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS
Frode Løvlie	Manager, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoll
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.05.2020 - Fitjar kommune	2019/143	
	Politiske saker		
PS 14/20	Arbeid med etikk i Fitjar kommune - orientering frå rådmannen	2020/175	
PS 15/20	Sosialhjelp i kommunen - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 16/20	Korleis drift og vedlikehald av offentlege bygg er organisert - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 17/20	Innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentleg anskaffingar - orientering frå rådmannen	2014/71	
PS 18/20	Orienteringssak vedrørande status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester	2017/42	
PS 19/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/127	
PS 20/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/128	
PS 21/20	Budsjett 2021 for kontrollutvalet	2020/174	
PS 22/20	Ekstern revisor og ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet	2014/34	
PS 23/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 24/20	Eventuelt	2020/64	
	Referatsaker		
RS 5/20	Etterlevelseskontroll 2019 - Fitjar kommune	2019/135	
RS 6/20	Kontrollrapport 2019 - Skatteoppkrevjar - Fitjar kommune	2016/54	
RS 7/20	Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte	2020/70	
RS 8/20	Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19	2020/70	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.05.2020 - Fitjar kommune

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 05.05.2020.

Vedtak

Protokoll frå møte 05.05.2020 vart godkjent.

Politiske saker

PS 14/20 Arbeid med etikk i Fitjar kommune - orientering frå rådmannen

Forslag til innstilling

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmann orienterte om korleis kommunen arbeider med etikk. Kontrollutvalet har fått ein slik årleg orientering over fleire år.

Det vart mellom anna informert om dette:

- Det er viktig at tilsette og politikarane er bevisst dette i sin gjerning, og at ein tilstrebe ein høg etisk standard, og at ein til dømes har eit bevist forhold til kven som skal uttale seg på vegne av kommunen.
- Etisk regelverk ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.
- Alle nytilsette og politikarar får tildelt etisk regelverk for kommunen.
- Etikk har vore tema på folkevaldopplæringa der tilsette frå administrasjonen og politisk ledelse deltar. Sentralt tema er habilitet.
- Ekstern kursing av politikarar og tilsette gjeldande fagområdet plan- og bygningsloven.
- Kommunen kjøper hjelp frå advokater der det er saker som er kompliserte.

Kontrollutvalet takker for orienteringa, og ber om ei ny orientering hausten 2021.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om ei ny orientering hausten 2021.

PS 15/20 Sosialhjelp i kommunen - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte blant anna om:

- Kostnadane til sosialhjelp i kommunen har auka over fleire år. Politisk leiing og administrasjonen er uroa over utviklinga.
- Kommunen har no klart å stabilisera kostnadane til sosialhjelp.
- Nokre av dei som mottek sosialhjelp har aktivitetsplikt. Dette vert vurder individuelt.
- Kommunen har eit fattigdomsproblem der årsak ofte er relatert til rus eller psykiatri.
- Det er viktig for kommunen å ha kompetanse på området. Fitjar kommune har søkt om tiltaksmidlar/støtte frå staten. Dette er ein føresetnad for at kommunen skal få tak i kompetanse, då ein ikkje har midlar til dette innafor dagens budsjett.
- Rådmannen er nøgd med det arbeidet som no har starta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 16/20 Korleis drift og vedlikehald av offentlege bygg er organisert - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmannen og teknisk sjef orienterte om korleis drift og vedlikehald av offentlege bygg er organisert.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 17/20 Innkjøpsrutinar i kommunen og etterleving av reglane for offentleg anskaffingar - orientering frå rådmannen

Forslag til innstilling

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om korleis kommunen etterlever reglane for offentlege anskaffingar, der det mellom anna kom fram at ein har innkjøpssamarbeid med Stord kommune. Kommunen har 48 rammeavtaler.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

PS 18/20 Orienteringssak vedrørande status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Assisterande rådmann og IKT leiar orienterte om status på arbeidet.

Det står att en del arbeid og kontrollutvalet ber om ei ny orientering til møte 10.12.20.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalsmøte 10.12.20.

PS 19/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet. Møtedato vert bestemt i dette møte.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Deloitte ved forvaltningsrevisor gjennomførte prosessmøte 2 for forvaltningsrevisjon med kontrollutvalet og prioriterte prosjekt for perioden 2020-2024.

Kontrollutvalet skal handsame endeleg plan i møte 21.10.20, der innstilling til plan vert sendt til kommunestyre som tar endeleg avgjerd i saka.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet 21.10.20.

PS 20/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet, møtedato vert avklart i dette møte

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Deloitte ved forvaltningsrevisor gjennomførte prosessmøte 2 for eigarskapskontroll med kontrollutvalet og prioriterte prosjekt for perioden 2020-2024.

Kontrollutvalet skal handsame endeleg plan i møte 21.10.20, der innstilling til plan vert sendt til kommunestyre som tar endeleg avgjerd i saka.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet 21.10.20.

PS 21/20 Budsjett 2021 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Sekretær orienterte kort om budsjettforslaget til kontrollutvalet for 2021.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

PS 22/20 Ekstern revisor og ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Sekretær orienterte om oppstart av prosess i høve val av ny revisor for Fitjar kommune, samt drøfting i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

PS 23/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 24/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Ekstra KU - møte i Oktober

Grunna blant anna utlysing av konkurranse av revisjonstenester må kontrollutvalet ha eit ekstramøte i oktober.

Kontrollutvalet vart einige om at møtedato for dette møte vert 21.10.20

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet skal ha eit ekstramøte 21.10.20

Referatsaker

RS 5/20 Etterlevelseskontroll 2019 - Fitjar kommune

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Deloitte v/partner Else Holst-Larsen orienterte kort om saka.

Det kom ikkje fram noko spesielt ved orienteringa av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 6/20 Kontrollrapport 2019 - Skatteoppkrevjar - Fitjar kommune

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 7/20 Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter uten at møtet dermed må defineres som et fjernmøte

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 8/20 Svar fra departementet på spørsmål om evt. gjeninnføring av midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19

Saksprotokoll 14.09.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/127-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	25/20	21.10.2020

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Fitjar kommune

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Fitjar kommune for perioden 2020 - 2024. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyder slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 - 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 44/19 i møte 19.12.2019:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar av verksemda i Fitjar kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2019, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020*
4. *Det er ei målsettjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.»*

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, elektronisk spørjeundersøking for administrative leiarar og kommunestyret, intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 27.02.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til selskapa der kommunen har eigarinteresser. I møtet 14.09.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 14.09.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Fitjar kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet.

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon ligg som vedlegg til saka. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 - 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom 28 område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for 9 av områda, i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett i ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

Den førre planen for forvaltningsrevisjon i Fitjar kommune blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitara kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølge når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Fitjar kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024

September 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024	5
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt med høg risiko og vesentlegheit	6
2.3	Gruppe 3 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt med lågare risiko og vesentlegheit	7
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	8
3.1	Standard og innsynsrett	8
3.2	Metode	8
3.3	Gjennomføring og rapportering	8

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Ifølgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Fitjar kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i tre grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, ei uprioritert liste med prosjekt der risikoen er vurdert som høg, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og som mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Kvalitet i grunnskulen	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Kvalitet i tenestene
2	Bemanning, personal og sjukefråvær	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Oppfølging av sjukemeldte• Vikarbruk• Rekruttering
3	Institusjons- og heimeteneste	<ul style="list-style-type: none">• Personalforvaltning• Rekruttering og vikarbruk• Bruk av omsorgstrappa• Kapasitet og kompetanse• Ressursbruk• Kvalitet i tenestene
4	Interkommunale samarbeid	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Styring og kontroll• Budsjettering og løyvingar• Kvalitet i tenestene
5	Arkiv og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Regeletterleving• Rutinar og retningslinjer for arkivering og journalføring
6	Plan- og byggesak	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Regeletterleving• Service, råd, rettleiing
7	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kapasitet og kompetanse• Etterleving av opplæringslova og forvaltningslova• Samarbeid med PPT på individ- og systemnivå
8	Internkontroll og kvalitetssystem	<ul style="list-style-type: none">• Tilfredsstillande internkontroll• Bruk av kvalitetssystem• Gjennomføring av risikovurderingar• Melding og oppfølging av avvik
9	Drift og vedlikehald av kommunale bygg	

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt med høg risiko og vesentlegheit

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	Tema
Innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Regeletterleving
Investeringar	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Budsjettering • Prosjektleing
Kvalitet i barnehage	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Kvalitet i tenestene
Kultur	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Planlegging
Barnevern ¹	<ul style="list-style-type: none"> • Regeletterleving • Tidleg innsats/førebygging • Barnevernssamarbeid
Legevakt og legetenester	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Styring og kontroll • Budsjettering og løyvingar
Rus og psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Kvalitet i tenestene
Sosiale tenester/NAV	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Kapasitet og kompetanse • Kvalitet i tenestene
Fitjar kultur og idrettsbygg AS ²	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering og styring • Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Verksemdstyring • Internkontroll • Økonomistyring
Krisesenter vest IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Verksemdstyring • Internkontroll • Økonomistyring

¹ Jf. kommunelova § 20-9, er det kontrollutvalet i vertskommunen som førar kontroll med verksemda i verstkommunesamarbeidet på vegner av deltakarane. Fitjar kommune kan likevel gjere forvaltningsrevisjon av dei delane av verksemda i vertskommunesamarbeidet som gjeld Fitjar.

² Selskapet er ikkje omfatta av kontrollutvalet og revisjonen si innsynsrett etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Ein eventuell forvaltningsrevisjon av selskapet avheng difor av at kommunen sin revisor enten er gitt innsynsrett i selskapet sine vedtekter, at styret gir slik innsynsrett på førespurnad, eller at eigarorganet vedtek at selskapet skal gje slikt innsyn.

2.3 Gruppe 3 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt med lågare risiko og vesentlegheit

Tabell 3: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Saksførebuing og vedtaksoppfølging
Informasjonstryggleik, personvern og digitalisering
Beredskap
Berekraft, klima og miljø
Trygt og godt skulemiljø
Vatn, avlaup og renovasjon
Brannvern
Kommunale bustader

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.³

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har òg innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap,⁴ aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar,⁵ samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forplikningar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørreskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁶ revisor skal leggje til grunn. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kvar forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

³ Sjå <https://www.nkrf.no/rsk-001-standard-for-forvaltningsrevisjon>

⁴ For vertskommunesamarbeid gjeld egne reglar. Jf. kommunelova § 20-9, er det kontrollutvalet i vertskommunen som førar kontroll med verksemda i verstkommunesamarbeidet på vegner av deltakarane. Ein kommune kan likevel gjere forvaltningsrevisjon av dei delane av verksemda i vertskommunesamarbeidet som gjeld kommunen.

⁵ Selskap med private eller statlege eigarar er ikkje omfatta av kontrollutvalet og revisjonen si innsynsrett etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Ein eventuell kontroll av slike selskap avheng difor av at kommunen sin revisor enten er gitt innsynsrett i selskapet sine vedtekter, at styret gir slik innsynsrett på førespurnad, eller at eigarorganet vedtek at selskapet skal gje slikt innsyn.

⁶ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/128-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	26/20	21.10.2020

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Fitjar kommune

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for eigarskapskontroll for Fitjar kommune for perioden 2020 - 2024. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024-Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyder slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 - 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si eigarskap i selskap som planen skal baserast på.
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 45/19 i møte 19.12.2019:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar av eigarskapen i Fitjar kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2019, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020*
4. *Det er ei målsettjing at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.»*

Prosessarbeidet med plan for eigarskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Det har vore gjennomført dokument- og statistikkanalyse, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, elektronisk spørjeundersøking for administrative leiarar og kommunestyret, intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for eigarskapskontroll.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 27.02.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen si eigaroppfølging av selskapa der kommunen har eigarinteresser. I møtet 14.09.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 14.09.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollprosjekt i Fitjar kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Dette dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak til dette møtet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter førre møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet ligg ved som vedlegg til sak om plan for forvaltningsrevisjon.

Det føreligg også utkast til plan for eigarskapskontroll som ligg ved saka som vedlegg. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for eigarskapskontroll skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar planen, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 - 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunestyrevalet. Neste kommunestyreval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I forslaget til plan har Deloitte skrive kva eigarskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Prioriterte prosjekt finn ein i kap. 2 i plandokumentet, og denne prioriteringa vert det invitert å slutta seg til.

Den førre planen for selskapskontroll i Fitjar kommune blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Planen har oversikt over dei selskap som Fitjar kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

Det aktuelle prosjekta blir presentert i ein tabell i punkt 2.1 som inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Fitjar kommune

Plan for eigarskapskontroll 2020-2024

September 2020

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2020-2024	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følgje kommunelova § 23-4 femte ledd er det heradsstyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men heradsstyret kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjere endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 tredje ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Fitjar kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2020-2024

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei ein skilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapsforvaltning (overordna)	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa<ul style="list-style-type: none">◦ Eigarmelding◦ Eigarstrategi◦ Eigaroppfølging• Rutinar for val av styrerepresentantar• Opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
2	Eigarskapsforvaltning av interkommunale selskap	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet<ul style="list-style-type: none">◦ Eigarmelding◦ Eigarstrategi◦ Eigaroppfølging• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Styring og kontroll• Organisering og drift• Økonomi og budsjett• Tilfredsstillande tilbod til brukarar
3	Fitjar kultur og idrettsbygg AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Organisering og styring• Økonomi og drift
4	Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen• Organisering og styring• Økonomi og drift
5	Opero AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
6	Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
7	Vann vest AS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen
8	Krisesenter vest IKS	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• Val og opplæring av styrerepresentantar• Rapportering til kommunen

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med NKRF (Norsk kommunerevisorforbund) sine rettleiarar og standardar for dette.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har òg innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap,² aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar,³ samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6.

Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det ein skilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangel medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva kontrollkriterium revisor skal leggje til grunn. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i eigarskapskontrollen. Uttalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.

¹ Standard for eigarskapskontroll RSK 002 er nyleg vedteken av NRKF (sjå <https://www.nkrf.no/publikasjoner>).

² For vertskommunesamarbeid gjeld egne reglar. Jf. kommunelova § 20-9, er det kontrollutvalet i vertskommunen som førar kontroll med verksemda i vertskommunesamarbeidet på vegner av deltakarane. Ein kommune kan likevel gjere kontrollar av dei delane av verksemda i vertskommunesamarbeidet som gjeld kommunen.

³ Selskap med private eller statlege eigarar er ikkje omfatta av kontrollutvalet og revisjonen si innsynsrett etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Ein eventuell kontroll av slike selskap avheng difor av at kommunen sin revisor enten er gitt innsynsrett i selskapet sine vedtekter, at styret gir slik innsynsrett på førespurnad, eller at eigarorganet vedtek at selskapet skal gje slikt innsyn.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/135-13
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	27/20	21.10.2020

Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 10.12.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 19.11.2020.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Samandrag

Kontrollutvalet i Fitjar kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2020.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Deloitte - revisjonsplan 2020 - Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er Deloitte sin revisjonsplan 2020 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll for 2020 to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert handsama i same sak.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll som skal utførast i 2020, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke frå Deloitte revisjonsplan for 2020 som og omfatte forenkla etterlevingskontroll. Denne er vedlagt saka. Dette vil danne utgangspunkt for presentasjon og diskusjon i møtet.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskaperen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen og etterlevingskontrollen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset dei endelege fokusområda.

Etter planen skal interimrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 10.12.2020.

Jmf. anna sak må kontrollutvalet vurdere om møtet 10.12.2020 skal framskyndast, anslagsvis til veke 48. I så fall må og leveringsfrist, medteke i konklusjon og forslag til vedtak, justerast.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 10.12.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 19.11.2020.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.



Revisjonsplan 2020
Fitjar kommune

Innhold

- Ansvarsområde for kontrollutvalget
- Oversikt over vår revisjon og forenklet etterlevelseskontroll
- Risikovurdering og vesentlighet
- Revisjonskvalitet og uavhengighet
- Møte- og kommunikasjonsplan
- Mislighetsdiskusjon
- Revisjonsteam
- Ending i lover og regler
- Detaljert plan


Ansvarsområder for kontrollutvalget

Hvordan oppfylle


Hovedformålet med revisors interaksjon med kontrollutvalget:

- Tydelig kommunikasjon av planlagt omfang for revisjon av årsregnskapet
- Kommunisere tidsriktig vesentlige observasjoner fra revisjonen som er av betydning for kontrollutvalgets rolle i forhold til å overvåke prosessen vedrørende finansiell rapportering
- Gi kontrollutvalget annen informasjon som kan være til hjelp for utvalget i dets arbeid

Vi har listet opp noen av kjerneområdene som et kontrollutvalg er ansvarlig for og vil gjennom presentasjonen påpeke hvor det er viktig informasjon som vil kunne støtte kontrollutvalgets arbeid.



En oversikt over vår revisjon





Resultatutvikling
hittil i år
Vesentlige
budsjettendringer
Låneopptak
Prosjekter



Endringer i
nøkkelpersoner/
ansvarsområder



Organisatoriske
endringer



Overholdelse av lover
og regler




Spesielle
problemstillinger/
utfordringer



Systemer og andre
endringer

Risikovurdering regnskapsrevisjon og etterlevelseskontroll

Sannsynlighet for vesentlige feil i regnskapet



Vesentlige risikoforhold

- Basert på møter med ledelsen, samt erfaringer fra fjorårets revisjon har vi gjennomført en risikovurdering. Risikokartet oppsummerer forhold som vil være gjenstand for stor oppmerksomhet i vår revisjon. Vi vil kontinuerlig oppdatere vår risikovurdering og informere om vesentlige endringer som oppstår.
- Risikovurderingen skjer med utgangspunkt i sannsynlighet og konsekvens, og fremgår av figuren.
- De «svarte» risikoforholdene er tema med høy iboende risiko og store beløp. Iboende risiko vurderes som høy ved;
 - Stor grad av skjønn
 - Ikke rutinemessige transaksjoner/ vurderinger
 - Komplekse transaksjoner/regler
- De «mørkeblå» risikoforholdene relaterer seg til regnskapsrevisjon, de «mellomblå» risikoene gjelder både regnskapsrevisjonen og etterlevelseskontrollen. De «lyseblå» risikoforholdene gjelder etterlevelseskontrollen.
- Risiko relatert til engangshendelser vil vurderes løpende med hensyn til vesentlighet og revisjonstilnærming

Revisjonskvalitet

Vår forpliktelse til kvalitet i revisjonen

Under har vi oppsummert våre forpliktelser til både kontrollutvalget og ledelsen vedrørende områder som vi aktivt vil søke tilbakemeldinger på i forhold til hvordan vi har levert.



Audit Quality Promise

Vi er forpliktet til å gi dere en tydelig og sømløs revisjon. Vi vil:

- levere klar og konsis rapportering på vesentlige forhold og signifikante vurderinger;
- være proaktiv og kommunisere forhold løpende når de oppstår;
- opprettholde en tett og åpen kommunikasjon løpende gjennom revisjonen, og fortsette vår fokus på høy revisjonskvalitet.



Enhanced Assurance Options

Når det skjer regulatoriske endringer som vi mener er av betydning for dere vil vi passe på å invitere dere til våre seminarer, sende dere publikasjoner fra Deloitte og gi dere innspill på hvordan vi tror endringen kan påvirke kommunen.



Insight

Dere har fortalt oss at dere ønsker innspill til forbedringer fra revisjonen. Som en del av vår kommunikasjonsplan vil vi:

- gi proaktive innspill og utfordre;
- gi tilbakemelding på kompetanse og kapasitet i økonomifunksjonen;
- dele beste praksis vedrørende finansiell rapportering og virksomhetsstyring; og
- gi tilbakemelding på risikovurderinger og internkontroll vedrørende finansiell rapportering.



Spotlight™

I revisjonen for 2020 vil vi bruke dataanalyse for å teste transaksjoner samt øke for forståelse for transaksjonsflyten i regnskapssystemene. Bruk av dataanalyse gir oss muligheten for å analysere store mengder data på kort tid som igjen gir økt effektivitet i gjennomføringen av revisjonen.

Uavhengighet og honorar

I henhold til revisorloven skal vi rapportere til kontrollutvalget på temaene omhandlet nedenfor.

Bekreftelse av uavhengighet

Vi bekrefter at det etter vår vurdering ikke foreligger forhold som kan svekke, påvirke eller reise tvil om Deloittes uavhengighet som revisor for kommunen


Andre tjenester

Vi skal opplyse om hvilke andre tjenester enn lovpliktig revisjon som er levert til kommunen i løpet av regnskapsåret.

Trusler uavhengighet

Det er ikke identifisert trusler mot vår uavhengighet.

Møte- og kommunikasjonsplan



Mislighetsansvar og uttalelser fra ledelsen

Nærmere om ansvar



Deres ansvar

- Hovedansvaret for å hindre og oppdage misligheter ligger hos ledelsen og kommunestyret, inkludert etablering og vedlikehold av internkontroll knyttet til påliteligheten av finansiell rapportering og overholdelse av relevante lover og regler.

Vårt ansvar

- Vi er pålagt å innhente en erklæring fra ledelsen vedrørende internkontroll, risikovurdering og om ledelsen er kjent med eller om det har vært tilfeller av misligheter.
- Som revisorer innhenter vi en betryggende sikkerhet, men ikke en absolutt sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Karakteristika ved misligheter

- Feilinformasjon i regnskapet kan oppstå enten på grunn av misligheter eller feil. Misligheter er en bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.
- Det er to typer misligheter som er relevante for revisor – feil som skyldes uredelig regnskapsrapportering og feil som skyldes underslag av eiendeler.

Vi vil innhente følgende i uttalelse fra ledelsen:

- Vi bekrefter at vi har påsett at kommunens regnskap og formuesforvaltning av betydning for regnskapet er gjenstand for betryggende kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et regnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.
- Vi bekrefter at ledelsen erkjenner sitt ansvar for utformingen, iverksettelsen og vedlikeholdet av intern kontroll for å forhindre og avdekke misligheter.
- Vi har gitt revisor opplysning om resultatene av vår vurderinger av risikoen for at regnskapet kan inneholde vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter.
- Vi har gitt revisor opplysning om alle eventuelle påstander eller mistanker om misligheter som kan ha påvirket regnskapet og som er kommunisert av ansatte, tidligere ansatte, analytikere, tilsynsmyndigheter eller andre.

Revisjonsteam



Else Holst-Larsen

- partner

Tlf: 992 93 067

E-post: eholstlarsen@deloitte.no



Inger-Johanne Sørbø Solberg

- oppdragsansvarlig/ senior revisor

Tlf: 959 15 162

E-post: isolberg@deloitte.no



Trude Olson

- Associate 2

Tlf: 954 09 563

E-post: toolson@deloitte.no



Rikke Lillenes

- Associate 1

Tlf: 932 36 649

E-post: rlillenes@deloitte.no

Endring i lover og regler

Tema	
Kommunelov, Kap 14 Økonomiforvaltning	<ul style="list-style-type: none">• Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.• Årsregnskapene skal avlegges senest 22. februar. (sanksjon Robek listen om for sein)• Endring i regler for inndekning av merforbruk (§14-11)• Endring i vilkår for å ta opp lån – utvidelse i adgang til å ta opp lån til kjøp av aksjer i eiendomsselskap og til tilskudd til investeringer i annen kommune eller egne selskap (lovpålagte oppgaver)• Beregning av minimumsavdrag – kun et alternativ - «forenkla formel»• Reglene om avslutning av regnskapet endres – reguleres i forskrift• Krav om Økonomireglement og finansielle måltall
Kommunelov, Kap 24 Revisjon	<ul style="list-style-type: none">• Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak (ny oppgave)• RSK 301 Standard for forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen gjeldende fra og med 2020
Endringer i KRS	<ul style="list-style-type: none">• KRS-ene er tilpasset ny kommunelov• KRS 14 – Konsolidering, fastsatt som foreløpig standard

Revisjonsplan

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig
Planlegging og rapportering	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom overordnet planlegging, revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om eventuelle endringer. Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget i revisjonsrapport samt presentere i møte om eventuelle vesentlige funn.	Deloitte
Rutiner	Vi vil gjennomføre risikovurderingshandlinger for å kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter (brukerbetaling og andre salgs- og leieinntekter, eiendomsskatt) • Bankavstemming • Rutiner knyttet til estimater (pensjon, avskrivninger, avsetninger (f eks utgifter, tap)) • Budsjettarbeid <p>Fokus her vil være på etablert intern kontroll, og vurdere hvorvidt den interne kontrollen er hensiktsmessig og implementert slik at den er egnet til å forhindre feil i regnskapsrapporteringen.</p>	Deloitte interimrevisjon
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter, drift og investering Analytisk revisjon av lønnskostnader Stikkprøver mot ansettelsesavtaler	Deloitte interimrevisjon
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte interimrevisjon

Revisjonsplan

Område	Risiko og respons	Ansvarlig
Mva-kompensasjon	<p>Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva-kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering.</p> <p>Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er fristen 31. august. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.</p>	Økonomisjef og Deloitte
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap for 2020, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmateriell mottas innen 22.02.21 (skal rapporteres kontrollutvalg) • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>	Deloitte årsoppgjør
Bank	<ul style="list-style-type: none"> • Bankavstemming mot fortrinnsvis års-oppgaver fra bank 	Deloitte årsoppgjør

Revisjonsplan

Område	Risiko og respons	Ansvarlig
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> • Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer • Avkastning på verdipapirer • Utlån husbankmidler mm 	Deloitte årsoppgjør
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> • Kundereskontro mot regnskap • Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) • Kreditsaldoer • Periodisering inntekter 	Deloitte årsoppgjør
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> • Avsetninger 	Deloitte årsoppgjør
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> • Anleggsregister mot regnskap • Aktivering • Salg • Avskrivninger iht. regelverk • Gjennomgang prosjektregnskap 	Deloitte årsoppgjør
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte årsoppgjør
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> • Leverandørreskontro mot regnskap • Debetposter • Utbetalingskontroll • Saldoforespørsler 	Deloitte årsoppgjør

Revisjonsplan

Område	Risiko og respons	Ansvarlig
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag i forhold til regelverk for minimumsavdrag Oversikt over garantier 	Deloitte årsoppgjør
Egenkapital fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto avstemmes i note 	Deloitte årsoppgjør
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter - avstemming Rammetilskudd- avstemming 	Deloitte årsoppgjør
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet Selvkostregnskap 	Deloitte årsoppgjør
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader på enhetsnivå Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte årsoppgjør

Revisjonsplan

Område	Risiko og respons	Ansvarlig
Attestasjoner	<ul style="list-style-type: none">Diverse attestasjoner inkludert forenklet etterlevelseskontroll	Deloitte
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Kommuneloven §24-8.	Deloitte



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/138-10
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	28/20	21.10.2020

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	30.09.20
Formannskapet	16.09.20 og 14.10.20
Utval for plan og miljø	13.10.20
Utval for oppvekst og omsorg	15.09.20 og 20.10.20
Viltnemnda	Ingen nye møter

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/64-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	29/20	21.10.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

RS 9/20 Særutskrift - melding om vedtak frå KS - Ekstern revisor og ny konkurranse



MØTEBOK

Ekstern revisor og ny konkurransen - fullmakt til kontrollutvalet

Utval sak	Utval	Møtedato
64/20	Kommunestyret	30.09.2020

Vedlegg

Partsbrev - Innstilling - Ekstern revisor og ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet

Framlegg til tilråding frå kontrollutvalet:

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Behandling i Kommunestyret - 30.09.2020:

Ordførar Harald Rydland (KRF) la føre framlegg til tillegg:

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.

Det vart først røysta over tilrådinga frå kontrollutvalet, dette vart samrøystes vedteke. Det vart deretter røysta over tilleggspunkt frå Rydland (KRF), dette vart samrøystes vedteke.

Vedtak: (Samrøystes)

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fra: Helge Inge Johansen (Helge.Inge.Johansen@vlfk.no)

Sendt: 13.10.2020 12:28:11

Til: Helge Inge Johansen

Kopi:

Emne: VS: FKT - medlemsinformasjon september 2020

Vedlegg:

Fra: Hogne Haktorson

Sendt: tirsdag 13. oktober 2020 12:21

Til: Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>

Emne: VS: FKT - medlemsinformasjon september 2020

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Sendt: mandag 14. september 2020 15:04

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Emne: FKT - medlemsinformasjon september 2020

Til FKTs medlemmer

Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

- Adgang til å ha alle lukkede møter som fjernmøter, inkludert møter som skal lukkes på grunnlag av taushetsplikt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har mottatt skriftlige og muntlige henvendelser om eventuell forlengelse av den midlertidige fjernmøteforskriften, som opphørte 1. august 2020. Flere av henvendelsene gjelder særlig adgangen til å ha alle lukkede møter som fjernmøter, inkludert møter som skal lukkes på grunnlag av taushetsplikt. I «Lov om midlertidige unntak fra kommuneloven og lov om interkommunale selskaper», foreslår departementet at folkevalgte organer kan holde fjernmøter også i de tilfellene møtene skal lukkes. Departementet foreslår også at organer i interkommunale selskap skal kunne holde fjernmøter og benytte elektronisk signatur på møteprotokollene. FKT har avgitt høringsuttalelse. [Du kan lese høringsuttalensene her](#)

Det kan være verdt å lese høringsuttalelsen fra kontrollutvalget i Bergen. Den inneholder blant annet en beskrivelse av gode tiltak og rutiner for lukking av fjernmøter.

- Rettslig avklaring av kombinasjon av fysiske møter og fjernmøte for enkelte representanter
Asker kommune har bedt om en rettslig avklaring av kombinasjonen av fysiske møter og fjernmøte for enkelte representanter. Når enkelte representanter kan delta digitalt, mens resten av organets medlemmer sitter fysisk samlet i et møtelokale, er det *ikke* et alminnelig (fysisk) møte i kommunelovens forstand, men et fjernmøte etter lovens § 11-7. [Her kan du lese hele svaret fra departementet.](#)
- Rettslig avklaring av kombinasjon av fysiske møter og fjernmøte for revisor og sekretær
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal stilte spørsmål til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om et møte må defineres som fjernmøte dersom revisor deltar via digitale verktøy. [Svaret fra fylkesmannen](#) er at det da ikke er å betrakte som et fjernmøte. FKT og NKRF har i fellesskap sendt en henvendelse til departementet om hvordan dette stiller seg hvis kontrollutvalget møter samlet i et fysisk møte, men sekretariatet deltar digitalt. Hvilken status etter kommuneloven vil et slikt møte få – fysisk møte eller fjernmøte? Vi har ikke mottatt svar ennå.

Tidligere lovtolkninger fra departementet finner du på medlemssidene [«Spørsmål og svar»](#) (krever pålogging), eller på departementets side: [Tolkningsuttalelser om kommuneloven 2018](#)

Kurs og konferanser

[Kontrollutvalgslederskolen 27.-28. oktober 2020, Gardermoen](#)

KU-lederskolen er fullbooket og flere står på venteliste. Styret gjør løpende vurderinger av smittesituasjonen. Det er ennå 5 uker til, og ting kan endre seg både til det bedre og til det verre. Alle som har meldt seg på vil få nærmere informasjon om arrangementet og smitteverntiltak. Du kan lese mer om [hotelllets smitteverntiltak](#) her.

Noter dere dato og sted for samlinger og konferanser våren 2021:

- [Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Lillestrøm](#)
- [Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Veiledere

- [Håndbok for Internkontroll i sekretariatene](#)

Vi takker for innsendte hørings svar fra sekretariatene. Arbeidsgruppen vil legge fram et nytt utkast til styremøtet 27. oktober. Da vil styret også ta stilling til tilbakemeldingene om behovet for en mal for risikovurderinger.

- [Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet](#)

Arbeidsgruppen som arbeider med denne veilederen har mandat til å utarbeide en mal for innhold og format på kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen.

Vi tar sikte på at malen tas i bruk for uttalelsen til regnskapsåret 2020, dvs. våren 2021. Det betyr at arbeidsgruppen tar sikte på være ferdig med malen/veilederen innen utgangen av 2020. Veilederen vil bli presentert i et webinar i fm. høringsrunden senere i høst. Det kommer nærmere informasjon om det.

Annet faglig påfyll

[Etikkonferansen avholdes i år digitalt den 22. september kl. 10.00 - 13.00](#) i regi av Kommunal og Moderniseringsdepartementet og TI-Norge

[Dilemmasamling for kommuner og fylkeskommuner \(KS, TI-Norge\)](#) 24 eksempler for refleksjon om etikk og antikorrupsjon i kommuner og fylkeskommuner

Styret

Styret hadde møte i Oslo 24. august. Tre av styremedlemmene deltok digitalt. Styret tok opp det forrige styrets styreevaluering og hadde en god diskusjon på forventningsavklaringer. Strategiplanen var hovedsaken på møtet. Protokollen fra møtet er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte på Gardermoen 27 oktober. Da fortsetter styret med strategiarbeidet.

Nye medlemmer

Vi har fått to nye medlemmer i august og september: Velkommen til Hammerfest og Nordre Follo. Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover høsten.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#) De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer. Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

FKT ønsker alle en koranfri høst!





Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post:fkt@fkt.no | Tlf.:41471166

www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/34-38
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	30/20	21.10.2020

Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fitjar kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2020, det vil seie til og med 30.6.2021. Frå 1.7.2021 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass.

Kommunestyret vedtok 30.09.2020 i sak PS 64/20, i tråd med kontrollutvalet si innstilling, å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre prosessen for å få gjennomført konkurranse om val av revisor. Det vart gjort slikt vedtak:

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Det er dette punktet som vert følgt opp i denne saka.

Kommunestyret la i same sak til eit nytt vedtakspunkt:

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.

Dette ekstrapunktet vil bli følgt opp i eige saksframlegg til eit ekstramøte i november eller at møte i kontrollutvalet 10.12.20, vert flytta til november. Der skal utvalet gje innstilling til kommunestyret sitt møte 09.12.20. Det blir i dette møte avklart om det blir eit ekstramøte eller om møtet vert flytta slik at det når sak til kommunestyremøte 09.12.2020.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtaket over blir forslag til konkurransegrunnlag lagd fram for kontrollutvalet. Sekretariatet har saman med jurist utlånt frå innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune utarbeidd forslag til konkurransegrunnlag. Kontrollutvalet må gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til område som konkurransegrunnlaget skal omfatte, og som vert lyst ut i DOFFIN.

Konkurransegrunnlaget er unnateke offentleg etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Dokumenta vil bli delt ut på raudt papir og gjennomgått i møtet. Det vert tilrådd at møtet vert lukka under behandlinga av denne saka med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14. Det må reknast god tid for kontrollutvalet til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

Sekretariatet skal i same periode gjennomføre konkurranse av revisjonstenestene for kommunane Stord, Bømlo, Kvinnherad og Vaksdal, som vi også er sekretariat for. Det er ei føremon, både reint praktisk og ikkje minst økonomisk, at gjennomføring av konkurransen av revisjonstenestene for dei nemnde kommunane vert gjennomført i lag med konkurransen av revisjonstenestene for Fitjar kommune.

Ut frå røynsle frå tilsvarande arbeid tidlegare, der to eller fleire kommunar har vore med i felles konkurranse, har det gått med anslagsvis 40 - 50 timar til dette arbeidet pr. kommune. Dersom

Fitjar kommune skulle gjennomføre denne konkurransen åleine, ville det gå med betrakteleg meir tid, med eit estimat på 80 og 100 timar.

Kontrollutvalet bør gje sekretariatet fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget, slik at det kan tilpassast alle kommunane før det vert lagt på DOFFIN, utan at utvalet må godkjenne grunnlaget på nytt.

Konklusjon

Kontrollutvalet føretar gjennomgang av anbodsdokumenta i møtet, vedtek innhaldet i konkurransegrunnlaget og gjev sekretariatet fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i anbodsdokumenta før dei vert lagt ut på DOFFIN.